

AVGJERD nr. S8

2017/EØS/4/46

av 15. juni 2011

om tildeling av protesar, større hjelpemiddel og andre omfattande naturalytingar slik det er fastsett i artikkel 33 i forordning (EF) nr. 883/2004 om koordinering av trygdeordninger

2011/C 262/06(*)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN FOR
KOORDINERING AV TRYGDEORDNINGAR HAR —

med tilvising til artikkel 72 bokstav a) i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 av 29. april 2004 om koordinering av trygdeordninger⁽¹⁾, der det er fastsett at Den administrative kommisjonen har ansvaret for å handsame alle administrative spørsmål eller tolkingsspørsmål som følger av føresegnene i forordning (EF) nr. 883/2004 og forordning (EF) nr. 987/2009⁽²⁾,

med tilvising til artikkel 33 nr. 2 i forordning (EF) nr. 883/2004,

i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i artikkel 71 nr. 2 andre leddet i forordning (EF) nr. 883/2004, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Artikkel 33 nr. 1 i forordning (EF) nr. 883/2004 er ein verneklausul som skal nyttast på eit tidsrom som følgjer rett etter tidspunktet då den gjeldande lovgjevinga som vert nytta på den personen som det gjeld, er vorten endra.
- 2) Den nemnde artikkelen skal nyttast når ein person risikerer å tape retten sin til naturalytingar ved sjukdom som er spesielt tilpassa hans/hennar særlege behov, og som er i ferd med å verte tildelte, eller som er vortne tildelte, men enno ikkje ytte, på grunn av ei endring i den gjeldande lovgjevinga.

- 3) Eit slikt tap kan verte rekna som urimeleg stort ut frå omsynet til kva slags yting det dreier seg om, og ut frå den medisinske situasjonen til den personen som det gjeld —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Protesar, større hjelpemiddel og andre omfattande naturalytingar som er nemnde i artikkel 33 nr. 1 i forordning (EF) nr. 883/2004, skal omfatte ytingar som

- er spesielt tilpassa særlege personlege behov, og
- er i ferd med å verte tildelte eller er vortne tildelte, men enno ikkje ytte, og
- er definerte og/eller handsama som dette i lovgjevinga i medlemsstaten der medlemmen i trygdeordninga var forsikra før han/ho vart forsikra i medhald av lovgjevinga i ein annan medlemsstat.

Vedlegget til denne avgjerda inneheld ei ikkje-uttømmende liste over ytingar som, når dei oppfyller dei kriteria som er fastsette ovanfor, skal handsamast som dette.

Artikkel 2

Denne avgjerda skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*. Ho skal nyttast frå den dagen ho vert kunngjord.

President for Den administrative kommisjonen

Éva GELLÉRNÉ LUKÁCS

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT C 262 av 6.9.2011, s. 6, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 93/2012 av 30. april 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 50 av 13.9.2012, s. 36.

⁽¹⁾ TEU L 166 av 30.4.2004, s. 1. Retta ved TEU L 200 av 7.6.2004, s. 1.

⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009 av 16. september 2009 om fastsettelse av nærmere regler for gjennomføring av forordning (EF) nr. 883/2004 om koordinering av trygdeordninger (TEU L 284 av 30.10.2009, s. 1).

*VEDLEGG***Protesar**

- a) ortopediske protesar,
- b) visuelle hjelpemiddel som t.d. augeprotesar,
- c) tannprotesar (faste og lause).

Større hjelpemiddel

- d) rullestolar, ortosar, fottøy og andre middel til hjelp for å røre seg, stå og sitje,
- e) kontaktlinser, forstøringsbriller og teleskopbriller,
- f) høyreapparat og taleprotesar,
- g) forstøvingsapparat,
- h) obturatorprotesar til bruk i munnhola,
- i) hjelpemiddel til tannregulering.

Andre omfattande naturalytingar

- j) spesialistbehandling på sjukehus,
 - k) behandling på kurstad,
 - l) terapeutisk rehabilitering,
 - m) utfyllande diagnosehjelpemiddel,
 - n) all støtte til å dekkje delar av utgiftene til dei ytingane som er førte opp ovanfor.
-